



I kveld har det vore sesongopning for ungdomslaget sitt barnediskotek i Helgheim og det møtte 40 som dansa og mora seg.



I gruppa som var først ut og som var for dei frå 1. til 4. klasse, fann ein 25 medan det var 15 i gruppa for 'dei frå

5. til 7. klasse.

- Det kunne gjerne ha vore fleire i 'eldregruppa', sa den aldri sviktande eldsjelen bak denne aktiviteten, Rigmor Rasmussen. Ho opplyser at det også i denne sesongen blir barnediskotek ein gong i månaden.

Ungdomslaget har skifta musikk-mannskap. No er det Annce Stormoen frå Sunde som styrar spakene og han har Lotte Ariella Finnebotten og Malin Enes Brix som dansande assistentar.(biletet over).

På biletet i midten er gruppa med dei yngre og under er dei eldre.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

